

Kommunal tiltaksstrategi for tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) 2018-2021, og retningslinjer for bruken av tilskot til tiltak i beiteområder i Ulvik herad

1. Føremål:

SMIL: Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket skal fremje ivaretakinga av natur og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere ureining frå landbruket. Med miljøtiltak meinast tiltak som skal ivareta natur- og kulturminneverdiar samt redusere ureining.

Tilskot til tiltak i beiteområder:

Tilskot kan gjevast til investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytta til beitebruk. Innanfor desse rammene kan tilskot gjevast til alle tiltak som fremjer beitebruken i eit område.

Tidsrom:

Tiltaksstrategien gjeld for tidsrommet 2018 til og med 2021.

2. Overordna planar og målformuleringar

Miljøtema	Målformuleringar
Kulturlandskap	Jordbrukets kulturlandskap skal haldast i aktiv drift i heile heradet. Utnytte verdiane i kulturlandskapet i næringsssamanheng når det gjeld utvikling, produksjon og sal av varer og tenester i tilknytning til landbruket. Lokal matkultur og kulturlandskap skal setjast saman til heilskaplege opplevingsprodukt for reiselivet.
Biologisk- mangfald	Ivareta det biologiske mangfaldet gjennom aktiv landbruksaktivitet, for å sikra det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet.
Kulturminne og kulturmiljø	Ivareta kulturminne som visar tradisjonell bruk av landskapet som er skapt av dei som har livnært seg der, og såleis gje forankring i historia. Ivareta verneverdige bygningar for næringsutvikling og historieforteljning. Sikre og utvikle kunnskap og driftsformer knytt til kulturlandskapet.
Tilgjenge og friluftsverdiar	Kulturlandskapet skal vera ei kjelde til rekreasjon og oppleving, og såleis medverka til vår identitet. Leggje til rette for auka tilgjenge for ålmenta til jordbrukets kulturlandskap ved tilgang til sti- og turvegnett, for å sikra samfunnet sitt behov for rekreasjonsareal.
Avrenning til vassdrag og fjord	Redusera avrenning frå jordbruket som belastningar for vassdrag, drikkevatn og fjord. Vassførekomstar skal ikkje nedklassifiserast til dårlegare status som følgje av avrenning frå jordbruket.
Tiltak mot framande skadelige arter	Jamfør jordbruksavtalen kan det gjevast tilskot til prosjekt for å hindra spreiding av framande skadelege arter.
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	Få ein meir heilskapleg og samordna innsats på miljøområdet, og bidra til prosessar som sikrar breiast mogeleg involvering og forankring i miljøarbeidet mm.

Overordna planar/regelverk:

- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, med Rundskriv 2017-13
- Rapport-nr.:6/2006. Miljøvirkemidler i landbruket
- Nasjonalt miljøprogram 2012 (*forlenga til ut 2018*)

- Regionalt miljøprogram for jordbruket Hordaland 2013-2016 (*forlenga til ut 2018*)
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Kommunale planar som gjev føringar for strategien:

- Kommuneplan 2009-2020
- Kommuneplan arealdel 2016-2028
- Energi- og miljøplan Ulvik herad 2016-2020
- Landbruksplan for Ulvik herad 2004-2006
- Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Ulvik herad
- Kommunedelplan for vatn, avløp og miljø 2016-2023
- Kommunal planstrategi Ulvik herad 2016-2020
- Skjøtselsplan for Ulvik landskapsark, 2014
- Viltet i Ulvik, Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland 2002
- Naturtypar i Ulvik, Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland 2005
- Supplerande kartlegging av naturtypar i Ulvik herad, MVA-rapport 3/2010

Tematiske prioriteringar av ordningar/tiltak:

Oppsettet følgjer oppbygginga i Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Tilskotsordningane og typar av tiltak er sett opp i prioritert rekkjefølgje.

A. Tiltak som tek i vare Biologisk mangfald og gamal kulturmark, og legg til rette for auka biologisk mangfald

Omfattar tiltak som fremjar biologisk mangfald gjennom å ivareta ville plantar og dyr i kulturlandskapet på gamal kulturmark. Tiltaka skal bidra til å bevare livskraftige bestandar og oppretthalda leveområde for ville plantar og dyr i eller i tilknytning til kulturlandskapet. Aktuelle tiltak kan vera etablering, istandsetjing, utbetring og skjøtsel av område og landskapselement på gamal kulturmark, som tek i vare leveområde for plantar og dyr. Viktige landskapselement for biologisk mangfald er bekkar, vassvegar og vassmiljø, elvelandskap, edellauvskog, urterike og kalkrike slåtteeenger, naturbeitemarker, kantsoner, våtmarksområde, stølsvollar og beiteenger.

Prioriterte tiltak er:

- 1.- Restaurering av artsrik slåttemark som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått. Gjødsling og jordarbeiding må ikkje ha vore praktisert. Areal skal etter restaureringa skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsett av Fylkesmannen, og skal verte registrerte i www.naturbase.no. Med restaurering meinast t.d. rydding av tre og buskar, fjerning av- røter, avfall, steinar, strø, mosetuer, og innsåing.
- Restaurering og inngjerding av artsrike, biologisk verdifulle beiteareal som har vore i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding, t.d. haugar og tørrbakkar. Areal skal etter restaureringa skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsett av Fylkesmannen, og skal verte registrerte i www.naturbase.no som "naturbeitemark", "hagemark" eller "strandeng".
2. -Restaurering av gamle og etablering av nye styvingstre på innmark eller utmarksbeite som er i drift.

B. Tiltak for å hindra spreieing av framande skadelege artar

Som ein oppfølging av «Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot framande skadelege artar», kan ein få tilskot for å fjerna og hindra spreieing av framande skadelege artar, såkalla svartelista artar, som til dømes hønsehirse og kjempespringfrø. I område med stort omfang av svartelista plantar, bør sanering vera eit samarbeid utover eigen eigedomsgrense. Samarbeidsprosjekt vert prioritert. Det må ligge føre stadfesting/løyve til sanering frå aktuelle grunneigarar som ikkje sjølv tar del i arbeidet.

C. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Omfattar tiltak for å få ei meir heilskapleg og samordna innsats og prosessar som sikrar breiast mogleg involvering og forankring i miljøarbeidet.

Prioriterte tiltak er:

1. Utarbeiding av beitebruksplanar som leier fram til konkrete fellestiltak.
2. Utarbeiding av skjøtsels-/forvaltings-/kulturlandskapsplanar som leier fram til konkrete fellestiltak.

D. Tiltak som tek i vare kulturminne og kulturmiljø

Omfattar tiltak som vedlikehald, istandsetjing, bevaring og planlagt bruk av automatisk freda, vedtaksfreda eller verneverdige bygningar, kulturminne eller kulturmiljø. Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalområde som det er knytt historiske hendingar, tru og tradisjon til. Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne går inn som ein større heilskap eller samanheng. Alle kulturminne frå før 1537, og bygningar frå før 1650, er automatisk freda. Andre kulturminne kan fredast ved spesielt vedtak.

Aktuelle freda og verneverdige bygningar er: buer og loft, glasstover, handelsstader, husmannsplassar, klyngetun, loft, lør med høy- og kornbrot/stall, rekkjetun, røykstover, smier, stølsmiljø, vassdrivne sagnar, vognhus, tømra hus, utløer, vårflorar. Aktuelle kulturminne og kulturmiljø er: bakkemurar, eldhus, fangstinnretningar, gjerder, gravrøyser/-haugar og helleristingar, hellere, hustufter, ishus, jernvinner, kai-anlegg, kolmiler, kraftstasjonar, kvernhus, laksegiljer/ lakseskjær/ andre fiske- og fangstinnretningar, løypestrengar, mjølkeramper, møller/ stampehus, namnesteinar, naust, oppgangssager, rydningsrøyser, smier, stabbesteinar, stabbur, stamper, steinbuer, steingardar, stølshus, steinstolpar, torvtak, tufter, utløer, vardar, vårflorar mm.

Det vert normalt ikkje gjeve tilskot til eldre våningshus som vert nytta som bustad for eigar.

Prioriterte tiltak er:

1. Restaurering av kulturminne på innmarksareal i område regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone "kulturmiljø".
2. Restaurering av verneverdige bygningar i kulturmiljø:
 - Stølsmiljø.
 - Klyngetun, rekkjetun, husmannsplassar, handelsstader.
 - Restaurering av gamle landbruksbygg som skal takast i bruk til ny næring eller som inntektskjelde.
 - Restaurering av automatisk freda gravminne og gravfelt på innmarksareal.
 - Restaurering av steingardar på innmarksareal som er minst 75 cm høge.
 - Bruk av hesjing som tradisjonell driftsform.
 - Restaurering av verneverdige byggverk knytt til særskilde driftsformer i kommunen.
3. Andre verneverdige bygningar.

E. Tiltak som tek i vare gamal kulturmark

Omfattar tiltak som tek i vare kulturpåverka plante- og dyreliv, biologisk mangfald og landskapsbiletet knytt til gamal kulturmark som beitehagar, beitemark, einerbakkar, frukthagar, hasselskog, bjørkehagar, kantsoner/ kantslått, styvingslandskap, elvesletter, nyttehagar, tørrenger, stølsvollar og utslåtter. Aktuelle tiltak kan vera istandsetjing og skjøtsel gjennom beiting, slått, styving eller anna hausting av gamal kulturmark i inn- og utmark.

Prioriterte tiltak er:

1. Tiltak skildra i beitebruksplanar.
2. Restaurering og inngjerding av gammalt jordbruksareal.

F. Tiltak som legg til rette for større tilgjenge og auka opplevingsverdi i landskapet

Omfattar tiltak som aukar moglegheita for rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap gjennom å leggja til rette for ferdsle til fots og opplevingar. Aktuelle tiltak kan vera rydding av samanhengande sti- og turvegnett i tilknytning til vegar i kulturlandskapet, som forenkler tilkomsten til utmark og strandsoner. Viktige ferdselsstiar er (alfabetisk oppsett): driftevegar, ferdselsvegar, kongevegar, kulturlandskapsløyper, kyrkjevegar, postvegar, sleper, støls- og buførevegar, trapper.

Prioriterte tiltak er:

1. Tiltak som førebyggjer konflikhtar mellom landbruk og ålmenta, som sjølvlukkkande grunder og gjerdekliv.
2. Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak.
 - Rydding av stiar som gjev tilgjenge til natur- og friluftsområde.
 - Merking og skilting av stiar for ålmenta i kulturlandskapet.

G. Forureiningstiltak

Omfattar tiltak som reduserer risikoen for erosjon på jordbruksareal, som reduserer avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal eller som reduserer forureinande utslepp frå jordbruket til jord, luft og vatn.

Prioriterte tiltak er:

1. Bygningsmessige miljøtiltak.
2. Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg.

Val av særskilde tema-år

Det kan vere aktuelt å prioritere særskilte årlege tema innanfor ramma av strategien for bruken av SMIL-midlane. Dette vil verte gjort i samarbeid med faglaga i landbruket, og på bakgrunn av t.d. særskilte prioriteringar signalisert frå fylkesnivå. Tilskotsordninga skal sjåast i samanheng med pågåande regionale utviklingsprosjekt i fylket som er knytt til kulturlandskap, kulturminne og bygningsarven.

I den komande 3-års perioden er sanering av kjempespringfrø og andre svartelista artar eit prioritert tema. Kjempespringfrø er ein svartelista plante som over mange år spreidd seg fritt i heile bygda. For at ikkje planten skal verte totalt dominerande i alle vegkantar og restareal, må det ein større aksjon til, der både Fylkesmannen i Hordaland, Ulvik herad, grunneigarar, landbruksføretak, Statens vegvesen og lokale lag- og organisasjonar må ta del.

Døme på pågåande regionale prosjekt er:

Prosjekt Landskapsarkar i Hordaland
Handlingsplan for slåttemark og kystlynghei
Utvalde kulturlandskap

4. Planlagd aktivitet for auka satsing/søknadsmengd

Gjennom samarbeidspartar internt og eksternt:

Landbruksrådgevinga, Bondelag, Bonde- og småbrukarlag, Hagebrukslag, Hardanger og Voss folkemuseum, kommuneplanleggjaren, folkehelsekoordinatoren, turlag, helselag, idrettslag, bygdekvinnelag, bygdelag, Fylkesmannens Landbruksavdeling og Vann-region Hordaland.

Informasjonsarbeid: t.d. markdagar, kurs, studieturar, infokveldar.

Arbeide for å kopla aktive jordbruksføretak og eigarar av viktige miljøverdier der drifta har opphøyra, slik at desse verdiane kan bli skjøtta.

5. Forventa trong for økonomiske verkemiddel i tidsrommet for strategien:

Tendensane dei siste åra

I perioden 2012 - 2017 har Ulvik herad fått fylgjande tildeling av tilskotsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland:

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sum løyving	220 000	235 000	230 000	140 000	140 000	140 000

Satsingsområde framover i perioden

- Sanering av kjempespringfrø og andre svartelista planter i Ulvik herad
- Restaurering av slåttemarker og biologisk verdifulle beite
- Restaurering av kulturminne på innmarksareal, eller i område regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone "kulturmiljø"

Aukande søknadsmengd

Det vil bli gjennomført ulike aktivitetar for å oppnå ei aukande søknadsmengde av relevante søknader.

Forventa trong for økonomiske verkemiddel

Stipulert trong for nye SMIL- midlar for tilskotsåret 2018 er kr 100 000 til kulturlandskapstiltak, kr 100 000 til restaurering av gamle bygningar og kr 100 000 til tiltak for å hindra spreining av framande artar/forureiningstiltak/andre tiltak. Totalt for 2018 er stipulert trong av smil-midlar på kr 300 000. Det er elles forventa ein trong for 10 % årleg auke av tildelte SMIL-midlar i tidsrommet for strategien.

6. Søknadsfrist

Søknadsfrist for søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er 1. mai.

Retningsgivande tilskotssatsar for berekning av SMIL-kostnader

MILJØTEMA	TILTAK - døme	Tilskots% inntil	Maks. tilskot pr. eining
Biologisk mangfald	Restaurering slåttemark	100 %	Inntil kr 3 000 pr. daa
	Restaurering artsrik beiteareal		
	Gjerding		Inntil kr 150 pr. meter
	Styving	80 %	Inntil kr 500 pr. tre
Fellestiltak: planlegging og tilrettelegging		80 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einstilte sak.
Kulturminne, kulturmiljø, freda bygg	Steingardar	60 %	
	Freda gravminne, gravfelt		
	Stølsmiljø		
	Naustmiljø		
	Klyngetun, rekkjetun		
	Handelsstader		
	Husmannsplassar mm.		

	Hesjing		Intill kr 1 800 pr. daa
Gamal kulturmark	Restaurering av beite	50 %	Inntil kr 3 000 pr. daa
	Gjerding		Inntil kr 150 pr. meter
Verneverdige bygg		50 %	
Tilgjenge, opplevingskvalitet	Stirydding Skilting Gjerdeklyv Ganggrind	50 %	
Ureining	Bygningsmessige miljøtiltak Hydrotekniske anlegg	50 %	
	Erosjonsutsette produktionsareal Økologiske rensetiltak		
Svartelista artar	Hindra spreiring av framande skadelege artar	80 %	

Timesatsar eige arbeid:

Manuelt arbeid kr 300 pr. person

Manuelt arbeid med motorsag el. ryddesag kr 350 pr. person

Manuelt arbeid med slåmaskin kr 400 pr. person

Arbeid traktor kr 250 eks. eige arbeid

Arbeid gravemaskin kr 350 eks. eige arbeid

Arbeid hogstmaskin kr 350 eks. eige arbeid

For innleigd arbeid vert faktura godkjent som kostnadsgrunnlag for utbetaling.

Retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde

- Beitelaget som søker skal halda til i Ulvik herad.

- Investeringar i faste installasjonar og teknologi knytt til beitebruk skal prioriterast.

Døme på aktuelle tiltak:

- sanke- og skiljeanlegg
- bruer dimensjonerte for dyr og folk
- sperregjerde, for å sikra at dyr kjem inn i farlege område
- gjetarhytter/sankebuer
- elektronisk overvåkingsutstyr

- Ved faste installasjonar må det følgja kart med søknaden.

- For å søkje, skal gjeldande skjema hjå altinn.no nyttast.

- Ved utbetaling skal det leggjast ved timeliste og ei oversikt over investeringane, og ved utbetaling skal t faste installasjonar vera dokumenterte med foto.

- Tilskot som ikkje vert brukt innan fristen (3 år frå løyvingsdato) vert inndrege.
- Tilskot kan og avkortast, eller trekkjast heilt inn om det ferdige tiltaket avviker frå kva som vart omsøkt.